



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Instituttrådet

Referanse

2022/5118-STT

Dato

08.04.2022

Tidspunkt: Torsdag 07.04.22 kl. 09.15 – 11.30

Til stades: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Julie Zahle, Gunnar Karlsen, Rune J. Falch (vara), Leon Commandeur, Kirsten Bang, Axel Leegaard, Haakon Ben Schrøder, Rebecka Sjøvangen.

Forfall: Vibeke Tellmann,

Protokoll - instituttrådsmøte 07.04.22

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

II Orienteringssaker

- Referat frå sist møte i fakultetsstyret: Hansteen orienterte om m.a. tilsetjing i stilling i Språkkunnskap (Jens Karlsson), sak om bruk av mellombelse tilsetjingar, FRAM-prosessen
- Referat frå sist møte i Undervisningsutvalet
- Referat frå sist møte i Forskningsutvalet: Hovudsaka var tildeling av smådriftsmidlar for 2022
- Midlar til samarbeidsprosjekt innen Globale samfunnsutfordringer: Utlysning knytt til tverrfaglege satsingar – søknadsfrist 20. april.
- Utarbeidelse av handlingsplaner for reduksjon av midlertidige ansettelser: Universitetsstyret har vedtatt at fakulteta innan 24. juni skal utarbeide handlingsplanar for å redusere bruken av mellombelse stillingar.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for filosofi og
førstesemesterstudier
Telefon 55 58 23 82
fof@hf.uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplass 12-13
Bergen

Saksbehandler
Steinar Thunestvedt
55582384

- Informasjon vedrørende parkering – innføring av ny parkeringsordning i to etapper 2022: Ordninga med reserverte plassar er avvikla frå 01.04.22. Frå 01.06.22 blir det innført betaling for parkering ved heile UiB.
- Examen philosophicum: Den økonomiske situasjonen: Instituttleiar gjorde greie for den økonomiske situasjonen ved Examen philosophicum, der det nyleg har vore møte med fakultetsleinga om situasjonen.

III Vedtakssaker

06-22 Fråfall på bachelorstudiet i filosofi: Oppretting av arbeidsgruppe

Vedtak:

Instituttet opprettar arbeidsgruppe som skal kartlegge årsakene til fråfallet og skissere moglege løysingar og tiltak med grunnlag i undersøkinga.

Arbeidet skal vere ferdig tidleg på nyåret 2023, seinast.

Studentane skal vere representert i utvalet.

07-22 Prinsipp for utlysing og tilsetjing av stipendiatar

Vedtak:

Stipendiatstillingar blir framleis lyst ut ope, men med krav om å inngå i ei forskargruppe på instituttet. Strategiske omsyn kan vektleggjast ved tilsetjing

Instituttet lyser snarleg ut stipendiatstilling i tråd med dette.

08-22 Studiekvalitetsmelding

Framlegg til vedtak:

Instituttrådet vedtar framlegg til studiekvalitetsmelding for 2021

09-22 PhD-utdanningsmelding

Vedtak:

Instituttrådet sluttar seg til utkast til PhD-utdanningsmelding for 2021

10-22 Plan for det vidare strategiarbeidet

Vedtak:

Instituttrådet vedtar den skisserte planen for strategiprosessen ved FOF

Steinar Thunestvedt
administrasjonssjef